

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 29.

Fylke: Sogn og Fjordane

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Kyrkjebø

Emne:

Bygdelag Berge og Kyrkjebøstrondaa

Oppskr. av: Anders H. Berge

Gard: Berge

(adresse): Nordeide.

G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Ja

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

## SVAR

Julenissen

1. Julenissen har vore kjend her like ifrå 1860 åra. Det var helst i heimerne han brukte å visa seg. På joletrerefester viste han seg og det var mykje morro og gamann av borna og dei unge. I dei fyrste tidor laga dei masker sjølve.

2. Sume tidor deler han ut goðter av ymse slag. For sitt strev for han litt æple og brød.

3. Som vanlig gjeng dei fleire isaman. Det er helst skuleguter. Elles treffer det av og til at ein voksen mann gjeng, men då deler han alltid ut til alle i huset., eple, brød m. m..

4. I eldre tidor brukte dei helst raud maske med raud kled, kvitt skjegg med knebukser og raud topplue.

5. Nå kjøper dei som vanlig masker hjå handelsmannen. Det andre utstyret lager dei sjølve.

6. Ja ein bruker julenissemaske når ein går julebuk

7. Det er sjelden dei deler ut julegåvor.

8. Nei eg trur ikkje det.

9. Det har vore sagt med borna at dei julegoðter når dei gjeng ut å henter det, men dei vil ikkje ha noko tru på det. Elles er alle gamle segne om nissen og julenissen forgamalt å bruka for dei unge borna nå.

~~dei unge borna nå.~~

~~Anders H. Bøgge~~

~~5351~~

~~NORSK ETNOLOGISK GRANSKING~~